

Referat Fagnettverk for Kropp, rørsle, mat og helse

Dato . 9.10. 17

Stad .Einehaugen barnehage, Årdalstangen

Velkommen til gamle og nye nettverksdeltakarar.

Kjersti Johannessen er slutta i vårt nettverk og ny frå Høgskulen er **Ada Kristine Nilsen**. Ho har ikkje kunna delteke enda men kjem med utover hausten.

Gjennomgang av medlemsliste – denne skal bli oppdatert no og lagt ut på heimesida.

Ber om at alle som sluttar eller har permisjon melder frå om dette på mail til

[rigmor.hov@ardal.kommune.no](mailto:rigmor.hov@ardal.kommune.no)

Eit lite tilbakeblikk på det me har gjordt så langt:

- Hefte om fysisk aktivitet
- Skrivedans
- Fokus på fysisk aktivitet, samarbeid med Kjersti HISF
- Grorud rapport og kartlegging av fysisk aktivitet i våre barnehagar, lokale forankringar, 2 bhg la fram sine planar. Mange bhg har sett dette på dagsorden.
- Studietur til Island
- Helsesøster frå Årdal hadde foredrag, grensesetting, bruk av media,rutinar for barn
- Yoga for barn med Kjersti
- Psykisk helse – psykiatriteneste i Årdal og Frode S Eikum frå Bufetat
- Implementering av Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge
- Ny Rammeplan -17 : korleis jobbar me i vårt nettverk ut frå denne?

Me tek høgde for å ha ein raud tråd i arbeidet med mellomliggende arbeid for deltakarane.

Tema denne gang:

- Korleis jobbe med **Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge** i vår barnehage i kvardagene
- Kva seier Rammeplan om korleis me skal sette psykisk helse på dagsorden?

Desse to plandokumenta er knytta saman – og for begge gjeld det å gå i djubden – ( plukk det ifra kvarandre og konkretiser) og sjå på korleis me i vår kvardag kan bli gode på dette. Korleis kan me syte for god psykisk helse hjå våre barn?

- Rammeplan, Regional plan, Årsplan, Kommuneplanar - Styringsdokument
- Betre tverrfagleg innsats i kommunen. Godt samarbeid mellom etatane er viktig.
- Konkret mobbeplan
- FN` s barnekonvensjon – bøker og plakatar
- Kule krabater leiker
- Grønne tanker – glade barn
- Hjerteprogram for sosial kompetanse
- Syte for godt relasjonsarbeid i bhg – Tryggleikssirkelen – kompetente vaksne

Psykolog Magnus Lia er nytilsett i folkehelsearbeidet for regionkommunane.

Udir.no - viste video om Ny Rammeplan – refleksjonsoppgåver på tvers av kommunane om det som gjaldt vårt nettverk. Gode diskusjonar og refleksjonar rundt eige arbeid. Me som jobbar i bhg har i alle fall ein mangfoldig jobb 😊

Kvar i Rammeplanen kan me finna det som er aktuellt for vårt netteverk – gjekk gjennom dette.

Mellomliggende arbeid til neste gang:

- Finn ut kva planar/konkretisering dykker bhg/ kommune har for implemitering av Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge. Ta med dette til neste samling. Alle som jobbar med barn og unge skal ha ei 10 timars opplæring.
- Korleis jobbar de med Rammeplan i dykker barnehage?

Me vil anbefale nettsidene til <https://www.udir.no/> der de no finn mykje stoff om barnehage og rammeplan. Der finn de og refleksjonsspørsmål.

Sjå og på nettsida eller Facebooksida til Nasjonalt senter for mat,helse,fysisk aktivitet <http://mhfa.no/> dette er lokalisert til Høgskulen på Vestlandet, avd Bergen.

Der finn de mellom anna:

- Tema bhg : inndelt i Mat og måltid og fysisk aktivitet
- Tipshefter td Naturen som læringsarena
- Fysisk aktivitet i bhg - idear og erfaringer
- Barn og spenningsaktiviteter – den risikofylte leken
- Filmar om barns motoriske utvikling
  - – med forankring i rammeplan
  - Refleksjon til eigen praksis
- Diverse hefter som kan lastast ned.

Innimellan programmet hadde me god mat frå <http://www.tyabakeri.no/> 😊

Me avslutta dagen med leikar som bhg i Øvre Årdal presenterte

- Slå på ring
- Delte ut ein bunke kort i kvar sin farge til fleire lag med ca 5 personar. Eine personen skulle legge ut korta som eit spor og dei andre på laget skulle finne personen som gøynde seg.

Me tok og ein runde i den flotte dekkjungelen ved Tangen skule – flott aktivitetsområde

Neste gang – er det Vik kommune som er utfordra på aktivitet.

Takk for i dag frå gruppa i Årdal



